

## **Kvifor du bør velje Folkelista**

No nærmar valet seg, og kanskje har du enno ikkje bestemt deg for kven som skal få stemma di ved dette kommunevalet.

Ser vi på programmet til dei ulike partia, må vi nok ein gong seie: Dette har vi då lese før! Her står side opp og side ned med alt slags valflesk som fort vert gløymt, når den politiske kvardagen tek til. Det er ikkje måte på alt ein skal arbeide for, og alt som skal støttast!

Folkelista har lagt ned mykje arbeid i å utarbeide eit kort og tydeleg program som du som veljar, lett skal kunne setje deg inn i. Programmet vårt inneheld femten punkt som vi særskilt skal ha fokus på. Det vil sjølvstund ikkje seie det same som at vi ikkje skal arbeide med andre saker! Politikken vår skal vere nøktern og ansvarleg, men han skal ha ein tydeleg profil. Vi må halde på særpreget til Hareid kommune med levande bygdelag og eit sterkt sentrum! Det gjer ein ikkje ved å setje bygdelag opp mot einannan, slik det har vore gjort i siste periodane.

Folkelista har i fleire samanhengar brukt omgrepet: ny kurs. Med ny kurs meiner vi mellom anna at omgrepa samarbeid og samhald må vere sentrale element. Det Hareid kommune treng no, er gode lagspelarar som vil endre kursen. Difor vert det litt rart når fleire av politikarane som i siste perioden har neglisjert desse omgrepa, prøver å framstille seg sjølv som velegna til å styre "Hareids-skuta".

Det er viktig at du som veljar ikkje let deg lure av omfangsrrike og klisjéprega valprogram. Dersom du er samd i at Hareid kommune treng ei kursendring, har vi dette rådet å gje: Bruk Folkelista!

**Folkelista for Hareid kommune**